

MinID

- felles innlogging til offentlege tenester

Du har nyleg fått eit ark med PIN-kodar i posten. Du treng PIN-kodane for å få utført offentlege elektroniske tenester på Internett, som til dømes å levere sjølvmelding og søknad om studielån.

Kva er MinID?

Tilgang til elektroniske tenester krev ofte ei innlogging og sikker identifisering av brukaren. MinID er ei felles innloggingsløyseing til ei rekkje offentlege elektroniske tenester.

Du treng dei tilsende PIN-kodane for å logge deg inn med MinID. Ved å registrere deg som brukar av MinID, reduserer du risikoen for at uvedkommande kan misbruke kodane om du skulle miste dei.

Korleis registrere meg som brukar av MinID?

1. Gå til www.noreg.no og klikk på MinID-logoen.
2. Første gong du loggar inn, skriv du inn fødselsnummeret ditt og to PIN-kodar. Deretter skriv du inn eit passord som du lagar sjølv.
3. Dersom du registrerer mobilnummeret ditt, kan du ved neste innlogging nytte eingongskodar tilsendt på SMS i staden for PIN-kodar.
4. Neste gong du loggar inn, skriv du inn passordet og eingongskoden tilsendt på SMS, eventuelt ein PIN-kode.

Dersom du gløymer passordet ditt, treng du PIN-kodane. Ta difor godt vare på dei.

Eg har ikkje PIN-kodar - kva gjer eg?

Dersom du ikkje har fått tilsendt PIN-kodar, har mista dei eller er redd for at uvedkommande har fått tilgang til kodane, kan du sperre dei og bestille nye på www.noreg.no. PIN-kodane blir sende til den adressa du er registrert med i folkeregisteret.

Kven er ansvarleg for MinID?

Direktoratet for forvaltning og IKT er ansvarleg for MinID, Miside og Noreg.no.

Kva tenester kan eg utføre med MinID?



På www.noreg.no/miside kan du få tilgang til fleire statlege og kommunale tenester. Du kan òg sjå kva opplysningar som er registrerte om deg i offentlege register.



Skatteetaten

Du kan levere sjølvmeldinga, bestille skattekort og melde adresseendring på www.skatteetaten.no.



Lånekassen

Du kan søkje stipend og studielån, søkje betalingsutsetjing og sjekke status på søknader på www.lanekassen.no.



Du kan sjekke pensjonen din og byte fastlege på www.nav.no.



Du kan nytte skjema og tenester for næringsdrivande på www.altinn.no.



Du kan levere svar på "Varsel om sesjon" på www.noreg.no/miside.

I tillegg til dei etatane som er nemnde, bruker også Posten og mange av kommunane MinID.

Du finn meir informasjon på www.noreg.no.

Treng du hjelp til å logge inn med MinID eller til å sperre PIN-kodane?

Kontakt MinID brukarstøtte på minid@difi.no eller ring grønt nummer 800 30 300.